



Bergen Arkitektkontor AS
Postboks 74
5822 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3577 - 19/35397

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2019

Etterlyser ferdigattest for godkjent tiltak - gbnr 234/22 Eide ytre

Tiltak: Riving av bustad og uthus
Tiltakshavar: Svein Veland

Lindås kommune viser til vedtak om løyve til riving av bustad og uthus, datert 17.03.2015, sjå vedlegg. Ansvarleg søkjar i sak er Bergen arkitektkontor. Tiltakshavar i saka er Svein Veland. Han har vore heimelshavar av eigedomen sidan 16.11.2007. Sandviken Byggmesterforretning AS har som utførande (UTF) gått konkurs og oppløyst sidan 24.01.2019.

Kontaktinformasjon til konkursbuet er:

| | | | |
|-----------------------|--|----------------------|-----|
| Orgnr: | 922 113 718 | Selskapsform: | KBO |
| Firmanavn: | Sandviken Byggmesterforretning AS Tvangsavviklingsbo  | | |
| Besøksadresse: | Kanalveien 89, 5068 Bergen | | |
| Postadresse: | V/adv. Atle Birkeland, Postboks 1826 Nordnes, 5816 Bergen | | |
| Telefon: | 55 36 20 60 | | |

Søknadsplichtige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Dersom tiltaket er ferdig ber vi om at dykk fyller ut og sender inn vedlagd skjema for søknad om ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at dykk melder tilbake om det.



Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet gått ut, saka vert avslutta og det må søkje på nytt etter gjeldande regelverk. Dersom tiltaket er ferdig og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Søknad om ferdigattest krev søknadsskjema og dokumentasjon på avfallsplan. Vi må vite korleis avfallet frå rivinga er handtert. Dersom Sandviken Byggmesterforretning AS eller tiltakshavar ikkje kan dokumentere avfallsplan, må nytt ansvarlig føretak erklære ansvar og sende inn søknad om ferdigattest med avfallsplan. Tiltakshavar kan ikkje søkje som sjølvbyggjar for tiltaket.

Dykk kan finne saksdokument i saka om de går inn på Lindås kommune si heimeside, [her](#)

Frist for å søkje om ferdigattest/ melde tilbake om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 16.12.2019.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5167-Søknad om ferdigattest

Løyve til riving av bustad og uthus - gbnr 234/22 Eide ytre

Kopi til:

Bergen Arkitektkontor AS
Svein Veland

Postboks 74 5822
Godalstunet 17 F 4015

BERGEN
STAVANGER

Mottakarar:

Bergen Arkitektkontor AS

Postboks 74 5822

BERGEN